

Mona tilbake i NRK

21.08.2009



**Uskedelingen Mona Vetrhus har sist vore å høyra i programmet Popcorn i Radio Norge (biletet), men no**

**er ho tilbake i NRK der ho tidlegare har vore stipendiat, melder Kvinnheringen.**

Sundag blir ho å høyra i det einaste riksdekkjande diktprogrammet i landet, i NRK P2. Det er prega av leikne samtalar, diktoplevingar og diktlesing. Fredag kveld er det reprise.

Mona, som skriv dikt sjølv, slår fast at ein finn dikt overalt: På internett, i poptekstar eller på kort til ein ven. I programmet sundag snakkar ho blant anna med folk på SPAR i Uskedalen om dikt som har gjort inntrykk på dei i livet.

Ein kan senda inn eigne dikt og diktønske på sms til 1987 med kodeordet dikt eller til [Diktafon@nrk.no](mailto:Diktafon@nrk.no). Kanskje får ein diktet på lufta!

Når det første programmet har vore på lufta i P2, kan ein høyra Diktafon også på nettradio.

(Foto: Ola Matti Mathisen)